

Lover 80 mil rekkevidde

Ein ny hydrogenelektrisk SUV frå Hyundai som kjem på marknaden tidleg neste år, vil kunde køre 80 mil på ei fylling, målt etter NEDC-standard. Hyundai lanserte nyheita på ein pressekonferanse i Seoul i august, etter å ha vist bilen som konseptbil på årets bilutstilling under kodennamn FE. Bilen er snart klar for produksjon. Hyundai ix35 Fuel Cell var i si tid verdas første serieproduserte hydrogenbil.



Leaf dobbler rekkevidda

Nissan Leaf kjem i ny utgåve med ny design og rekkevidde inntil 380 km i januar. Andre generasjon Leaf har ein batteripakke på 40 kWh, og det er snakk om å auke til 60 kWh. Då er ein i tilfelle på same rekkeviddenivå som Opel Ampera-e, cirka 500 km. Nye Leaf har også autonome køyresystem som Propilot, filskifte- og parkeringsassistent, og ePedal som løfter akseletere og bremse med same pedal.



Ny Impreza i november

Subaru Impreza er tilbake i ny utgåve. Bilen blei presentert på Frankfurtutstillinga. Impreza vart introdusert i 1992 og assosiert med rallykørar Petter Solberg, verdsmeister i 2003. Av nyheiter melder importøren at bilen er klargjort for el- og hybridløysingar, det er mindre viberasjon og støy, han er meir stabil på veggen, karosseriet er stivare og tyngdepunktet senka 0,5 cm. Startpris er 378.700 kroner.



Forsmak på elbil frå Mini

Mini gav oss eit første innblikk i ei elektrisk framtid då dei viste Electric Concept på bilutstillinga i Frankfurt. For snart ti år sidan lanserte Mini sitt første elektriske konsept, Mini E, som vart produsert i 600 eksemplar, og la grunnlaget for BMW i3 som hittil i år er landets mest selde elbil. Det er venta at Mini-ebilen vil ta vidare det klassiske særpreget, og samstundes integrere el-teknologi frå BMW.

Ny Kia med ladekabel

Kia lanserer ein ladeversjon av Niro. Dette er den tredje Kia-en med ladeledning etter at Soul og Optima har vore gjennom transformasjonen. Forbruk blir oppgitt på 0,13 liter per mil. Startprisen er 281.400 kroner, ifølgje Bilnorge.no. Frå ein forsiktig start har crossoveraktive Niro vaksin til den mest selde modellen til Kia her i landet. Med ladehybridens Phev ventar importøren at salet vil auke vidare.

Werner har ein spesiell lidenskap for Mini

Werner Holvik (46) er med i styret i Norsk Mini Cooper Club. – Forholdet til bilane blir eit ekteskap, seier han.

– Har eg først kjøpt ein Mini, klarer eg ikkje å kvitte meg med han, seier Holvik og ser utover bilparken med fire strøkte versjonar av det klassiske bilmekket. Bilane varierer i årgang frå 1970 og heilt fram til splitter nye og moderne Mini med teknologi frå den nye eigenaren BMW. Sjølv om nær 50 år skil bilane, har dei det til felles at dei er heilt strøkne og blankpolerte.

Mini-lidenskapen til sandensaren starta då han var 15 år og kjøpte sin første bil av det klassiske engelske merket. Han kjøpte bilen lokalt.

– Grunnen til at eg kjøpte han var nok både at eg syntest Mini var kult og at motorane er lette å skru på. Mini som bilmerke oppstod som følgje av Suez-krisa i 1956 då det vart knappheit på drivstoff. Bilane veg 600 kilo og har 1,0 liters motor. Dei er enkle.

Borna har arva interessa

Werner har to jenter og gutter frå 11 til 20 år. Han fortel at alle har arva interessa for Mini. Dermed er rekryttinga sikra.

– Folk samlar på frimerke og

alt mogleg rart. Eg samlar på Mini. Greitt at det kostar mykje både tid og pengar, men eg syns det er OK at bilane blir stelt, vedlikehaldne og brukta.

Han har også ein grøn ein ståande. Også denne har han plukka frå kvarandre og restaurert. 1998-modellen er spesiell på den måten at det er ein av dei siste som vart laga før dei sluttar å produsere Mini i tradisjonell forstand. I 2000 tok nemleg tyske BMW over. Ein del Mini-entusiastar meiner at det ikkje vart det same etterpå.

– Vi er 300 betalande medlemmer i Norsk Mini Cooper Club, av dei finst det nok begge oppfatningar. Sjølv meiner eg at Mini er Mini uansett. Vi må følgje med i tida og fornye oss, så lenge tradisjonane med design og køyreelgenskapar er tekne vare på. Det er sjølv sagt ein del BMW-teknologi i dei nye Mini-ane eg har, spesielt innan elektronikk. Den største bilen min, Mini Countryman som er ein liten SUV, er bygd på plattforma til BMW X1.

– Men det er framleis som å köyre goocart. Du føler du sit nede på vegen. Det er framleis produksjon i England, og på utsjånaen er det ikkje tvil om at det er Mini. Eit typisk Mini-element som speedometer plassert i midten er intakt.

– Men det er framleis som å köyre goocart. Du føler du sit nede på vegen. Det er framleis produksjon i England, og på utsjånaen er det ikkje tvil om at det er Mini. Eit typisk Mini-element som speedometer plassert i midten er intakt.

JØRN-ARNE TOMASGARD
nordfj@jt.no



STYRER MED MINI: Møbelhandlar Werner Holvik dyrkar lidenskapen for den klassiske engelske biltypen Mini. Her med dei fire bilane han har i samlinga si. Holvik er også med i styret i Norges Mini Cooper Club.
ALLE FOTO: JØRN-ARNE TOMASGARD

GJENNOMFORT STIL: Du får lyst å reise til England når du kjem inn i verkstaden til Mini-entusiast Werner Holvik. Her med den premierte Mini-en frå 1970.

Også interesserert i landet b ilane kjem frå

Tenåringen Werner brukte tre-fire år på å setje i stand sin første Mini.

– Bilen var måla svart med rulle då eg kjøpte han. Det er ikkje ein skru som ikkje er teken, fortel mannen som av yrke er dagleg leiar ved Møbelringen.

No står ein strøken veteran-

bil der, brunlakkert og med kalesje som kan takast av. Rattet og dashbordet er utforma i handpolert nottetre.

Når vi står inne i verkstaden der han skur på bilane og dei to eldste i tillegg står lagra, skjønnar vi at lidenskapen strekkjer seg utover Mini. Her er Union Jack, flagget til Storbritannia, både i tak og veggar.

Premiane kjem frå treff Werner reiser på kvar tår. Ferien blir kombinert med Mini-

ved sidan av eit velfylt premieskap med alt frå pokalar til modellar av Mini og engelsk drikke.

Anglofil må vere eit dekjande uttrykk på Werner Holvik. Og linken til Mr. Bean er ganske riktig at han køyrrer Mini.

Premiane kjem frå treff Werner reiser på kvar tår. Ferien blir kombinert med Mini-

Bilen var måla svart med rulle då eg kjøpte han.

Werner Holvik

Werner Holvik



MR. BEAN-BIL: Kven hugsar ikkje sketsjen der Mr. Bean fraktar ein lenestol på taket av Mini-en?

bilen min



Namn: Mari Berntzen Mardal

Adresse: Frå Stryn, bur i Deknepollen

Bil: Nissan Micra 2014-modell

– Kvifor har du akkurat denne bilen?

– Det var den som stod i utstillingsvindaugen hjå Kveen i Stryn då eg kom og skulle kjøpe bil. Han er liten og nett og passer meg godt.

– Kva er du nøgd med/mindre nøgd med?

– Eg er godt nøgd med storleiken. Eg kjem meg alle plassar, og han er god til bykøring. Det eg er misnøgd med er at alle kallar det bestabil eller konebil. Eg har litt problem med det, hehe. Neidå, eg er godt nøgd med bilen, det er mitt beste kjøp!

– Kva var din første bil?

– Ein Mitsubishi Carisma 1998-modell som eg kjøpte før circa fem år sidan.

– Kva bil ville du kjøpt dersom du ikkje trengte å tenke på pengar?

– Det måtte blitt ein BMW av den nyaste typen. Men ikke SUV. Dette måtte blitt noko i 5-serien.

– Har du vurdert å kjøpe elbil?

– Nei, vi bur her vi bur. Det er ikkje nok ladestasjonar på bygda. Og det blir vanskeleg når vi til skal reise lengre, til dømes då vi var på Robbie Williams-konsert i Bergen.